

Styremøte i Brandal Båtlag på Brandal
grendehus torsdag 8.10.2020 kl. 18.

Til stades: Halvor Rolfrud, Kjell Skarshaug,
Nikolay Sundgot, Sigurd Klussen, Tore Berge.
Gjest: ordfører Bernt Brandal

Sak 1. Avhending av Brandal fiskerihavn

Kystverket ynskjer å avhende Brandal fiskerihavn. Dette inneber at Kystverket gir tilbod om førerrett til kjøp i følgjande prioriteringsrekkefølge:

1. Statlege institusjonar (vederlagsfri overtaking)
2. Kommunale eller fylkeskommunale institusjonar (til takst)
3. Foreiningar med allmenntilgjenglege føremål (til takst)
4. Private (på den opne marknaden)

I denne saka har statlege, fylkeskommunale og kommunale institusjonar ikkje nytta sin førerrett.

Brandal Båtlag melde interesse som mogleg kjøpar i e-post 04.06.2020. Deretter ba Kystverket den 09.06.2020 om å få tilsendt vedtektene til båtlaget. Den 22.07.2020 sende Kystverket over e it utkast til kjøpekontrakt.

Etter dette har det vore brevveksling mellom partane for å klargjere spørsmål kring salsobjektet.

Dette gjeld følgjande korrespondanse:

1. Brev frå Brandal Båtlag 08.08.2020
2. Brev frå Kystverket 24.08.2020
3. Brev frå Brandal Båtlag 11.09.2020
4. Brev frå Kystverket 02.10.2020

Tidlegare har det vore korrespondanse mellom Kystverket og Hareid kommune om det same. Noko som førde til at Kystverket tolka det slik at Hareid kommune ikkje ville overta Brandal fiskerihavn til takst.

I breva frå Kystverket går det klart fram at Kystverket ikkje sel andre rettar utover bruksrett til søndre molo. Vidare skriv Kystverket at det i hamnebassenget ikkje ligg særrettar som båtlaget vil overta ved eventuelt kjøp.

Kystverket hevdar at moloen ligg på 40/307 eigd av Hareid kommune. Båtlaget har bede Kystverket om kommentar til at eigar av 40/204 (Johannes Bjarne Alme) ikkje har fråskrive seg fjøregrunn, sjøgrunn eller strandrettar/utfyllingsrettar til kommune eller Kystverket. Kystverket har ikkje kommentert at delar av søndre molo såleis ligg på utfyllingsretten til 40/204. Mesteparten av resten av moloen ligg på utfyllingsretten til 40/307.

Kystverket hevdar at det er eigar av sjølve molokonstruksjonen med landfestet utan å kunne dokumentere at Hareid kommune (40/307) eller Johannes Bjarne Alme (40/204) har skrivne frå seg utfyllingsrettane sine.

Kystverket har gjeve ut Molohandboka. Eit kapittel heiter **5.10 Grunnrettigheter og eiendomsforhold**.

På side 56 står det mellom anna følgjande:

- Moloen blir i utgangspunktet en del av den grunneiendommen som moloen legges på, eller fylles fra.
- Dersom det er en annen eier til mologrunnen enn den som skal være moloieier, må mologrunnen evt. fradeles og overskjøtes til fremtidig moloieier (dvs. som egen grunneiendom med eget gårds- og bruksnummer).

Ut frå dette har Brandal Båtlag lite å oppnå ved å kjøpe ein bruksrett til eit landfeste for søndre molo.

Framlegg til vedtak:

Styret i Brandal Båtlag gjev tilbagemelding til Kystverket om at båtlaget ikkje ynskjer å kjøpe bruksretten til søndre molo.

Vedtaket: Framlegget vart vedteke samstundes.
Halvor Rolfrud Leder Brandal Båtlag
Nikolay Sundgot Nestleder Brandal Båtlag
Tore Berge
Kjell Skarshaug
Sigurd Klussen